



Alver kommune Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar: f9d535f4-5ad0-4932-ba77-123be0a1e9d4	Linda Hammersvik Folkestad	22.11.2022
Vår: 22/7298 - 22/89174	linda.folkestad@alver.kommune.no	

Uttale - gbnr 445/488 Manger nedre

Tiltak: Planering av tomtar
Byggjestad: Gbnr: 445/488
Tiltakshavar: Langhøyane As
Ansvarleg søkjar: Florvaag Hus As

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til planering av terreng på to tomtar, jf. vedtak datert 19.05.2022. Endringa gjeld heving av terrenget på to av tomtene på bustadfeltet, Gbnr 445/487 og Gbnr 445/488. (Tomt nr.11, og tomt nr. 12 på felt BF06).

Dei to tomtene er opphavelig godkjent planert på regulert kotehøgde, + 12.0 moh. Tiltakshavar ynskjer å heve terrenget med 0,8 meter, til kote + 12,8 moh. Endringa er ynskjeleg for å sikre tilstrekkeleg fall til avløpsleidningar slik at ein unngår å måtte installere pumpe.

Uttale:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til førespurnad om uttale – søknad om dispensasjon frå regulert planeringhøgde – Gbnr 445/488 og Gbnr 445/487- datert 09.11.2022.

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning er positive til at det vert gitt dispensasjon for heving av terreng under føresetnad om at tekniske krav til avkøyrslar på eigedomane vert stetta.

Skråningar med fall mot kommunal veg skal være etablert slik at dei ikkje kjem i konflikt med siktsoner (vegkryss og avkøyrslar) eller er til hinder for drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg (vatn, avløp, veglyst, veg med fortau og veggroft).

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning sett følgjande vilkår for å sikre kommunalteknisk anlegg (veg, vatn, avløp og veglyst):

Avkøyrslar frå offentleg veg:


- Avkøyrslar som skal etablerast over regulert fortau skal etablerast med nedsenka kantstein mellom fortau og køyreveg (sjå vedlagt teikning)
- Avkøyrslane skal være opparbeida slik at dei stettar tekniske krav som er fastsett av Vegdirektoratet i forskrift, vegnormalar og veglova. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkøyrslar, sikt, svingradius, drenering under avkøyrslar og at ein skal kunne snu på eigen grunn.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

- Avkøyringsvegane skal på dei to første metrane ha eit jamt fall frå innerkant fortau på minimum 5cm (sjå vedlagt teikning). Etter dette skal avkøyringsveg ha ei maks stigning/fall på 1:8 (sjå teikning under).



- Der skråningar har fall mot kommunal veg/fortau, skal det mellom fyllingsfot og kommunal veg/fortau være eit grøfteareal med ei breidde på minimum 1,0 meter. Grøft skal da opparbeidast med fall frå veg/fortau . Vi gjer merksam på at ein i siktsone ikkje kan ha sikthindring som er høgare enn 0,5m over kommunal veg (køyrevegen sitt nivå)
- Under avkøyrsla skal det leggest ned dreneringsrøyr med ei indre diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrøyr skal leggest slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røyrret.
- Det skal innrettast snuplass på eigen grunn slik at ein unngår rygging ut i og inn i frå fortau/køyreveg.

Avstand til kommunale leidningar:

- Der det ligg kommunale leidningar skal avstand mellom leidningsnett og fyllingsfot være minimum 4,0 meter. Avstand skal sikre at kommunen får tilgang til å grave opp leidningsnett ved behov.

Avstand i forhold til regulert siktsone:

- Planert terreng skal være slik at regulert siktsone i kommunalt kryss vert stetta. I siktsona til vegkryss skal skråning ikkje være høgare enn 0,5 meter over kommunalt vevnivå.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG